



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Til Meland kommune
ved landbruksforvaltninga og geodataansvarleg

Kopi:
FMLA Hordaland v/ gardskartansvarleg og systemansvarleg for produksjonstilskot
FMLA Hordaland v/ geodataleiar
Kartverket Bergen
Landbruksdirektoratet

Dato: 22.02.2017
Deres ref: [Ref]
Vår ref: 17/01040

NIBIO
Postboks 115, 1431 Ås
Tlf: 03 246
post@nibio.no
nibio.no

Org. nr: 988 983 837

Oppstart av periodisk ajourhald av FKB-AR5 for Meland kommune

Vi starter no med periodisk ajourhald av arealressurskartet FKB-AR5 for Meland kommune.

Arealressurskart FKB-AR5 - Geovekst

FKB-AR5 gjev detaljert arealressursinformasjon og inngår i Felles kartdatabase (FKB). Arbeidet med ajourhaldet av FKB-AR5 er satt i gang av Geovekst og er knytt til avtalen for prosjekt LACHHO41 Nordhordland 2015.


For meir informasjon om Geovekst, sjå:

<http://www.skogoglandskap.no/temaer/Geovekst>

<http://www.kartverket.no/Kart/Geodatasamarbeid/Geovekst/>

Kontakt undervegs

Vi vil ta kontakt med kommunen i starten av, undervegs og etter det periodiske ajourhaldet. Sjå illustrasjonen nedanfor.





NIBIO

Originalen av FKB-AR5 hjå NIBIO

Originalen av FKB-AR5 vil være hjå NIBIO når vi utfører periodisk ajourhald. I den perioden er det viktig at kommunen stopper sitt kontinuerlege ajourhald.

Når vi er ferdige med arbeidet lagrar vi FKB-AR5 i den sentrale databasen (QMS) til Kartverket. Kartverket vil deretter ta eit uttrekk av databasen og sende over oppdatert FKB-AR5 til kommunen.

Kva gjer NIBIO ved periodisk ajourhald av FKB-AR5?

Ved periodisk ajourhold tek vi utgangspunkt i siste utgåve av FKB-AR5 som inneheld kommunen sine endringar. Vi ser over heile kommunen og sjekkar areala mot nye ortofoto. Vi rettar FKB-AR5 der vi ser det er endringar eller feil i dataene. Vi har fokus på endringar knytt til jordbruksareala, men vil og oppdatere areal knytt til «bebygd» områder, ut i frå det vi ser i ortofotoene.

Vi vil ta kontakt med kommunen mot slutten av ajourføringa og helde eit nettmøte. I dette møte vil vi sjå på areal der vi er usikre på kva vi ser i ortofotoene, og vi meiner at kommunen sin lokalkunnskap kan vere til hjelp for å avklare problemstillingar.

Informasjon om FKB-AR5

For meir informasjon om FKB-AR5 viser vi til NIBIO si nettside:

www.skogoglandskap.no/temaer/ar5

Spørsmål kan rettast til NIBIO på telefon: 03 246, eller e-post:

post@NIBIO.no

Med vennlig hilsen

Jostein Frydenlund
Avdelingsleder

Anna Bjørken
Seniorrådgiver